

Sak til Samarbeidsutvala

Går til:	Medlemmane i Samarbeidsrådet for Voss lokalsjukehusområde
Dato:	09.12.2021
Sakshandsamar:	Anita Sørtveit/Anne Hildegunn Færøy
Saka gjeld:	Samhandling for å styrka det alderspsykiatriske tilbodet
Saksnummer:	59/21

Om saka:

Kommuneoverlegar og kommunalsjefar i Nordhordland har i fellesmøte 29.oktober drøfta og komme fram til at dei ønsker å setje *Samhandling for å styrka det alderspsykiatriske tilbodet* som eit tema til drøfting i Samarbeidsutvalet for Nordhordland.

Bakgrunn:

Det blir stadig fleire eldre og ergo stadig fleire eldre med psykiske lidningar i kommunane. Desse pasientane har ofte ein lang og samansett sjukehistorie, der me kan vinne mykje på å utvikle ein framtidsretta samhandling mellom kommunehelsetenesta og spesialisthelsetenesta til det beste for pasienten.

Vi erfarer at denne pasientgruppa ofte ikkje får god nok og/eller rask nok behandling og nødvendig oppfølging i sitt sjukdomsforløp. Vi trur at dette vil kunne bli betre seg ved å utvikle og tilpasse nye metodar for samhandling og samarbeid mellom kommune- og spesialisthelsetenesta.

Kommunane ønskjer at kommunar og spesialisthelsetenesta drøftar tiltak og nye måtar å samarbeide på, som kan betra tilbodet til denne pasientgruppa.

Til dømes bør det vurderast:

- meir alderspsykiatrisk kompetanse og -behandling i kommunane, der pasientane bur.
- meir bruk av ambulante tenester, slik at alderspsykiatrisk spesialkompetanse kan kome dit pasienten er – i størst mogeleg grad unngå å flytte på svært sjuke og sårbare pasientgrupper
- bruk av elektroniske samkonsultasjonar mellom pasient/lege/pårørande i kommunen og spesialisthelsetenesta.
- bruke digitale plattformer for å gje rettleiing og råd innan t.d miljøtiltak til fagpersonar på tvers av fag og nivå.
- Vidareutvikle ambulante tenester frå Olaviken Alderspsykiatriske sjukehus, herunder prosjektet «Intensivt ambulant team», som også kan nyttas når problemstillingane til ein viss grad haster.

Ved å styrke samarbeidet mellom kommunale helse- og omsorgstenester og spesialisthelsetenesta vil ein kunne:

- gje eldre med psykiske lidningar eit meir verdig liv med auka livskvalitet
- hjelpe pasientane å bu heime lenger
- bidra til at overgang til omsorgsbustad/sjukeheim kan bli meir smidig og verdig for pasientane
- redusere bruk av tvang
- redusere førekomsten av tvangsinnleggingar av eldre med alderspsykiatriske problemstillinger
- betre ressursbruken av sengekapasiteten i spesialisthelsetenesta
- auke kompetansen og forsvarlegheita i tråd med nye krav og forventingar til dei kommunale tenestene.
- betre rekruttering av fagfolk, både til kommune- og spesialisthelsetenesta.

Ei felles satsing på samarbeid om eldre med psykiske lidningar er, slik kommunane vurderer det i tråd med føringar og prioriteringar som er lagt til grunn for Helsefellesskapstenkinga, der tenester til *personar med alvorlege psykiske lidningar og skrøpelege eldre* skal prioriterast i samarbeidet.

Saka har vore drøfta i administrativt kontaktmøte(AK), der det mellom anna vart vist til at også kommunane i dei andre utvalsområda kjenner seg igjen i utfordringane som er skissert i denne saka, og at også dei ønskjer å setje denne saka på saklista til SUa. Med bakgrunn i dette er det semje om at saka om *Samhandling for å styrka det alderspsykiatriske tilbodet* vert lagt fram til drøfting i samarbeidsutvala sine møter i desember.

Til drøfting i samarbeidsrådet:

Saka vert lagt fram for samarbeidsutvala til drøfting og for å få innspel til korleis partane i fellesskap kan styrka samarbeidet for å gje eit betre og meir tilpassa tilbod til denne pasientgruppa, der dei bur.